Nærøyfjorden verneområdestyre

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.fmsf.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Bjarne Klette
Langbrekk 26
5706 Voss

Sakshandsamar Anbjørg Nornes | **Vår ref.** 2016/3005-0 432.2 | **Dykkar ref.** | **Dato** 01.12.2017

Nærøyfjorden landskapsvernområde - melding om vedtak - ombygging av stølshuset på Fristølen

Sender vedlagt saksprotokoll med saksframlegg for Nærøyfjorden verneområdestyre sak 40/17.

Klage
Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Olav Turvoll
Nærøyfjorden verneområdestyre

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi pr. e-post til:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Aurland kommune
SNO Aurland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Arkivsaksnr: 2016/3005-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 10.10.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	40/17	30.11.2017

Nærøyfjorden landskapsvernområde - ombygging av stølshuset på Fristølen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 30.11.2017

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner at planane for restaurering av stølshuset på Fristølen vert endra frå restaurering til ombygging av stølshuset. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c). Endringsløyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Attståande arbeid skal gjennomførast etter tradisjonell byggeskikk på staden, og i tråd med godkjente planar i sak 5/17. Dette vil sei at arbeidet skal utførast slik at storleik, høgde og materialtype er likt som på det gamle tilbygget. Materiale som ikkje kan nyttast opp att kan bytast ut, men skal ha same dimensjonar som den gamle materialen. Godkjent takvinkel på tilbygget er 12 grader.
- Bygningsrestar og utstyr som ikkje skal lagrast i stølshuset, skal transporterast ut av landskapsvernområdet straks utvending byggearbeid er sluttført.
- SNO kan gjennomføra kontroll av arbeidet undervegs.
- Før byggearbeidet kan avsluttast, skal verneområdeforvaltar gjennomføra sluttsynfaring saman med tiltakshavar.

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner at planane for restaurering av stølshuset på Fristølen vert endra frå restaurering til ombygging av stølshuset. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c). Endringsløyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Attståande arbeid skal gjennomførast etter tradisjonell byggeskikk på staden, og i tråd med godkjente planar i sak 5/17. Dette vil sei at arbeidet skal utførast slik at storleik, høgde og materialtype er likt som på det gamle tilbygget. Materiale som ikkje kan nyttast opp att kan bytast ut, men skal ha same dimensjonar som den gamle materialen. Godkjent takvinkel på tilbygget er 12 grader.
- Bygningsrestar og utstyr som ikkje skal lagrast i stølshuset, skal transporterast ut av landskapsvernområdet straks utvending byggearbeid er sluttført.
- SNO kan gjennomføra kontroll av arbeidet undervegs.
- Før byggearbeidet kan avsluttast, skal verneområdeforvaltar gjennomføra sluttsynfaring saman med tiltakshavar.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Bjarne Klette om restaurering av stølshuset på Fristølen, 17.08.2016 og 30.11.2016
- Vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 5/17, 11.01.2017
- Rapport frå arbeid på bygget på Fristølen, 10.07.2017. Rapport frå Bjarne Klette

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Nærøyfjorden verneområdestyre behandla søknad om restaurering av stølshus på Fristølen i sak 5/17, 11.01.2017. Det vart gjort fylgjande vedtak:
«Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjarne Klette løyve til ta ned og sette opp att stølshuset på gnr. 53 bnr. 3 på Fristølen i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det kan gravast dreneringsgrøft rundt grunnmuren for å leia vatn vekk frå muren. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c). Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- *Restaureringsarbeidet skal ikkje føra til vesentlege endringar av fasaden på bygget. Opphavleg materilale skal takast vare på og nyttast opp att så langt som mogleg. Taket skal tekkast med torv eller tradisjonelle bølgjeblekkplater. På taket på tilbygget kan det nyttast tradisjonelle bølgjeblekkplater eller tretak.*
- *Det kan setjast inn eit ekstra vindauge på nordaustveggen på bygget i tømmerkassa, og eit vindauge i tilbygget i nordaustveggen. Nye vindauge og dører skal ha same utforming som dei opphavlege vindauga i bygget.*
- *Dreneringsgrøft skal avgrensast til det som er naudsynt for å leia vatn vekk frå grunnmuren. Torv og vegetasjon skal takast vare på og nyttast til tildekking av dreneringsgrøft.*
- *Torv til taktekking kan hentast frå terrenget i nærleiken av stølen.*
- *Dersom det vert planlagt endringar av godkjente planar, skal styret vurdera om eventuelle endringar krev ny godkjenning.*
- *Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er sluttført.*
- *Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.»*

Verneområdeforvaltar var på synfaring på byggearbeidet på Fristølen 28. juni i år. På synfaringa påpeika forvaltar at byggearbeidet ikkje var utført i samsvar med vedtaket. Bjarne Klette sendte inn rapport frå arbeidet med forklaring på endringane som var utført, datert 10.07.2017. Endringane med forklaring i rapporten:

- Sett opp eit enkelt reiskapshus/WC til bruk under bygginga. Bygget er på 1,8 m x 1,8 m. Bygget skal sikre trygg lagring av verktøy og bygningsmateriell under restaureringsarbeid.
- Murane som delvis var rast saman måtte takast heilt ned og murast opp att på nytt. Skjerdal Landskapspleie har utført dette arbeidet med gravemaskin.
- Rundt tømmerkassa er det brukt utfòring med 1,5 tommar x 6 tommar. Det er fòra på utsida av knutane på tømmerkassa for å stabilisera tømmerkassa. Tilrådd dimensjon på lektene var 2 tommer x 4 tommer.
- Takutstikket på stølshuset er utvida med 30 cm. Utstikket vert ca. 25 cm etter lekter og kledning er sett opp.
- Det er sett inn limtredragar i taket for å kunne bæra vekta av torvtaket. Bygget er heva med 20 cm.
- Det er planar om 10 cm. Isolasjon i bygget.
- Utvendig kledning som var i bra stand er tatt vare på, og er delvis brukt opp att.
- Tiltakshavar skriv i rapporten: «*Vi ønsker å tilbakestille Fristølen til slik den var opprinnelig, men med de nødvendige endringer som må til, fordi opprinnelige fundamenter/materialer ikke er egnet for å brukes opp igjen. Dette stedet skal brukes, og det må også vurderes å gjøre noen brukervennlige tilpasninger*».

Bilda under viser deltaljar frå byggearbeidet. Alle foto er frå rapporten om arbeidet på Fristølen, 10.07.2017 – Bjarne Klette.









Sogn og Fjordane fylkeskommune gav tilsegn om tilskot til istandsetting av stølshuset på Fristølen, sak 22/17, 07.03.2017. Verneområdeforvaltar har sendt over til Fylkeskommunen rapporten frå tiltakshavar, og bilde tatt på synfaringa i juni. På bakgrunn av rapporten som er lagt fram om endringar på bygget, har Fylkeskommunen sendt brev til tiltakshavar med kommentar til arbeidet, brev datert 18.10.2107. I brevet uttalar Fylkeskommunen at fleire av tiltaka ikkje er utført i samsvar med vilkåra for tildeling av tilskot. Fylkeskommunen har vurdert at «*ei konsekvens av dette er at bygningen sitt opphavlege utsjånad er blitt endra og den framstår ikkje lenger som eit stølshus med høg grad av autentisitet».* Fylkeskommunen vurdera at vilkåra for tildeling av tilskot er delvis brotne.

Nærøyfjorden verneområdestyre var på synfaring på Fristølen 5. september. Dei hadde fått framlagt rapporten frå tiltakshavar før synfaringa. Verneområdestyre bad forvaltar legge saka fram til ny behandling i verneområdestyret (Møteprotokoll 04.09 og 05.09.2017, RS 14/17).

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».* Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg er søknadspliktig jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c). «*Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk*».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Løyve til restaurering av stølshuset på Fristølen vart vurdert etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12 i sak 5/17 i Nærøyfjorden verneområdestyre. Forvaltar legg desse vurderingane til grunn i behandlinga av søknad om å godkjenna endringar i byggearbeidet.

I søknadsprosessen for istandsetting av stølshuset på Fristølen vart planane for arbeidet drøfta med nærings- og kulturavdelinga hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter innspel frå fylkeskommunen, tilpassa tiltakshavar byggeplanane til å verta ei istandsetting av bygget, og gjekk bort frå fyrste planane om eit nybygg. Nærøyfjorden verneområdestyre godkjente planane for restaurering av stølshuset på Fristølen i sak 5/17. Det vart sett vilkår om at restaureringsarbeidet ikkje skulle føra til vesentlege endringar på fasaden på bygget, og materiale skulle nyttast opp att så langt som mogleg.

Murane er sett i stand i tråd med løyvet, og sikrar at stølshuset står på god grunnmur. Kledningen som kan nyttast opp att er tatt vare på, og skal nyttast oppatt som utvending kledning. Det er positivt at mykje av kledningen er vurdert å kunne nyttast opp att.

I verneforskrifta står det at byggearbeid skal vera tilpassa tradisjonell byggeskikk. I dette byggearbeidet er dette ikkje fylgt når det gjeld dimensjonar på lektene og takbjelken. Det er brukt større dimensjonar på lektene enn det som er vanleg for å kle tømmerkassa. Dette har ført til at bygget har vorte breiare enn det var opphavleg. Taket er heva ved å legge opp ein ny dragar, og takvinkel er endra for å få høgare og breiare vegger enn opphavleg bygg. Fylkeskommunen har i sitt brev påpeika at det burde vore vurdert eit lettare tak dersom tømmerkonstruksjonen var i så dårleg teknisk stand at den ikkje kunne ha berefunksjon for nytt torvtak.

Forvaltar meiner endringane som er utført har ført til vesentlege endringar på det opphavlege bygget. Ein av grunnane er at lokal tradisjonell byggeskikk for stølshus i området ikkje er fylgt. Ved at det er nytta byggekonstruksjonar for nye bygg etter byggteknisk standard, har det gjeve bygget ei anna utforming, sjølv om utvendig kledning vert nytta opp att. Saka kan gje uheldig presedens for andre restaureringsprosjekt. I prinsippet burde ikkje saka godkjennast då byggearbeidet er endra frå restaurering til ombygging. For seinare saker vil det vera svært viktig at det kjem tydleg fram i vedtaket kva som meinast med tradisjonell byggeskikk for staden. I tillegg må det vera med i vedtaket målbare tal på dimensjonar som høgde, breidde og takvinkel. I vilkåra i løyvet frå verneområdestyret er det dessverre ikkje sett tal for kva som er vesentlege endringar på fasaden på bygget. Med manglande presiseringar er det vanskelegare å krevje retting av tiltaket. I tillegg vil det vera vanskeleg å rette opp att skadane som er påført tømmerkassa, og kostnadane med retting kan verta urimeleg store. Forvaltar rår difor til at løyvet vert endra frå å vera eit løyve til restaureringsarbeid, til løyve til ombygging av stølshuset. Det bør likevel setjast krav om at resten av arbeidet skal utførast i tråd med planane som var godkjent av verneområdestyret i sak 5/17.

Bygningane er ein vesentleg del av kulturlandskapet på stølane. Dei kulturhistoriske verdiane kan gå tapt dersom det vert store endringar på bygga i landskapet. På bakgrunn av erfaringane i denne saka, bør verneområdestyret ta opp til vurdering kva arbeidsmetodar som kan nyttast ved istandsetting av bygningar i verneområda. Ved bruk av gravemaskin og nyare byggemetodar, viser det seg at arbeidet ofte vert meir omfattande og gjerne utvida i forhold til det som var den tradisjonelle byggemetoden på staden. Vilkår i løyve bør vera meir spesifikke, og forklara kva som ligg i tradisjonell byggeskikk på staden. I tillegg bør byggearbeid ha tettare oppfylging og kontroll.

Midlertidig reiskapshus

Midlertidig reiskapshuset er sett opp utan løyve frå verneområdestyret. Oppføring av bygningar i verneområdet er søknadspliktig jf. verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.1 a). Oppføring av reiskapshus må vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Verneområdestyret kan gje pålegg om retting av tiltak som er i strid med verneforskrifta. Forvaltar rår styret til å senda førehandsvarsel om retting jf. naturmangfaldlova § 69 om retting og avbøtande tiltak.